

BLAD

Returadresse:
Kyrkjebakken
Austrheimsvegen 1262
5943 Austrheim

TV AKSJONEN 2018

21. OKTOBER 2018



Kirkens Bymisjon

TV-AKSJONEN NRK



TV-Aksjonen 21. oktober: Mindre åleine saman

TV-aksjonen NRK 2018 går til Kirkens Bymisjon. Gjennom TV-aksjonen i år skal vi skape eit varmare og meir inkluderande samfunn. Pengane som blir samla inn skal skape 700.000 møte mellom menneske.

Noreg er eit samfunn der skilnaden mellom folk aukar. Skilnader som ikkje fyrst og fremst handlar om etnisitet eller religion, kor du kjem frå eller kven du er, men om du er innanfor eller utanfor.

Det er mange måtar å vere utanfor på. Frå å mangle ei seng å sove i, til å vere utanfor i arbeidslivet eller sosiale fellesskap. Dette rårar ikkje berre enkeltpersonar, men gir ringverknader for alle.

Med TV-aksjonen NRK 2018 kan Kirkens Bymisjon skape møte som kan redde liv. Ved å opne dører og legge til rette for at fleire kan møtast, skal vi vise kvifor TV-aksjonen i år er viktigare enn aldri før. Vi skal tilby menneske som opplever å stå utanfor, eit nytt fellesskap, ei seng eller ein samtale og slik bidra til at fleire får sjansen til å oppnå eigne mål og draumar.

BLI MED PÅ DEN STØRSTE DUGNADEN I VERDA!

Bli bøsseberar, ring 02025 eller gå inn på blimed.no

SEPTEMBER NUMMERET NR. 7 -2018 - 47 ÅRGANG - NYTT STOFF INNAN 9. OKTOBER



KYRKJEBAKKEN
Informasjonsblad for Austrheim sokn



KYRKJESKYSS

Treng du skyss for å kome deg til gudsteneste?

Då kan du ringe kyrkjekontoret
tlf. 56 16 72 90 (før fredag kl. 14)
Eldbjørg Vikane tlf. 95 94 77 35
eller Svanhild Neteland tlf. 41 62 73 90

Austrheim Kyrkjelyd

Kyrkjelydskontoret, 5943 Austrheim

Tlf. 56 16 72 90

E-post: post.austrheim@kyrkja.no

www.austrheimkyrkja.no

Kontortider:

Sokneprest: Treffid etter avtale
Kyrkjeverje:

Bustadtelefonar:

Sokneprest Per Børge Hillestad 93 44 29 19
Kyrkjeverje Leif Arne Økland 40 06 52 31
Organist og kyrkjelydspedagog
Jostein Hauge 40 46 62 11
Kyrkjetenar Gry Haukeland 41 30 85 58
Soknerådsleiar Helge Dyrkolbotn 41 66 26 10

KYRKJEBAKKEN

Redaksjonen

Utgevar: Austrheim sokneråd
Redaktør: Svein T Villanger,
Redaksjon: Jorunn Kårdal.
Bankgiro: 3490.07.04196
E-post: kyrkjeba@online.no

Adresse: 5943 Austrheim

Trykk og Design Trykk-Service as

Gudstenester

I AUSTRHEIM SOKN

Kva skjer:

01.oktober kl.11.00

Babylunsj på kyrkjelydshuset

01.oktober kl 15.00

Eldregudsteneste

07.oktober kl 11.00

Gudsteneste v/Per Børge Hillestad.


50års-konfirmantar.

15.oktober kl. 11.00

Babylunsj på kyrkjelydshuset

21.oktober kl 19.00

Kveldsgudsteneste v/ Per Børge Hillestad



Steg som endret verden

For kort tid sidan vart det referert i media til ei undersøking om kven som er lukkeleg. Det var gjort samanlikning mellom ulike nasjonar. Det viste seg at det slett ikkje er i dei rike landa at folk kjenner seg mest lukkeleg. Tvert om. Norge kom langt ned på lista. Øverst var eit fattig land i Afrika.

Lukke er ikkje å eiga mykje av pengar eller ting. Det gir ofte mange bekymringar. Det dreg sinnet vekk frå dei beste tankane, fordi alt som hender rundt oss tek så mykje tid; alle gjeremål som fylgjer med det å eiga mykje, kan lett dra ein bort frå dei gode verdiane i livet.

Jesus sjølv seier noko om det å eiga mykje: Samla dykk ikkje skattar på jorda, der møll og makk øydelegg og tjuvar bryt seg inn og stel. Men samla dykk skattar i himmelen... der skatten din er, vil hjarta ditt òg vera.

Når ein har levd ei stund, ser ein at livet ikkje er så langt likevel. Me vert ofte minna om at snart er det forbi. Det kan vera ein vanskeleg tanke. Men for nokon er det forbunde med stor forventing, håpet om å få møta sine kjære som har gått den same vegen

før, og å møta Jesus sjølv på den andre sida av døden.

Her i ventetida opplever ein mange lukkelege stunder med djup glede som fyller det indre. Det å oppnå noko etter å ha arbeidd lenge for det gir langt større glede enn det som er lett å oppnå. Salomo hadde mykje visdom, og delte dette med oss i ordtøka. Han seier: "Langvarig venting gjer hjartet sjukt, eit oppfylt ønske er eit livsens tre". Også dette seier noko om menneskesinnet og om det å oppleve djup glede.

Gud samlar skattar på jorda. Han samlar menneske til sin himmel. Alle som vil fylja han her på jord får og fylgja han til himmelen. Den opplevinga er den største lukka.

*Per Børge
Sokneprest*





Kyrkjebøkene i Austrheim

LIVSHJULET

Døypte

26.august:
Antonetta Wenche
Semmingen Perez

07.september
Gabriel Ludvig Lervåg Fønnes
Viktor Safaya James

Gravlagde

27.august Magnar Njøten f. 1932
5.sept Magnar Anfinn Austrheim f. 1941



TAKK

Hjertelig takk

for vennlig deltakelse og blomsterhilsene ved vår kjære Paul Oddvar Vik sin bortgang.

Hilsen familien.

Hjertelig takk

Hjertelig takk til diakoninemda for den fine rosen jeg fikk til dagen min. Takk til Torun som kom på besøk.

Hilsen Hans Førland.

Takk

Hjertelig takk til alle som kom innom til meg på min 85 års dag. Tusen takk for gaver og blomster med helsingar. Tusen takk til Diakoninemnda for rosa som Anny kom med.

Hilsen Konstanse Sætre

Utgjevingsplan Kyrkjebakken 2018

Nr 8:
Leveringsfrist: 9. oktober
KB kjem ut: 25. oktober

Nr 9:
Leveringsfrist: 13. november
KB kjem ut: 29. november (julenr)



Kva har hendt med deg?

I Mali er Det Norske Misjonsselskap ein av sju partnarar som samarbeider om å driva misjon blant fulanifolket. Fem av partnerane er afrikanske kyrkjer, to er norske. Her følgjer eit intervju med ein misjonær frå Nigeria, om eit ektepar som nyleg kom til tru på Jesus Kristus.

Korleis vart du kjent med dette ekteparet?

Eg var på besøk i nabobyen vår. Då eg gjekk på marknaden helste eg på ein byfulani i 30-åra som reparerte mobiltelefonar. Då han hørte min nigerianske fulani-dialekt vart han nysgjerrig, og stilte mange spørsmål, for å forstå kven eg er. Slik vart me kjent, og litt etter litt vart me venar.

Korleis byrja de å snakka saman om kristen tru?

Den var min nye ven som spurte meg om religionen min, og eg sa at eg er kristen. Mannen hadde eit positivt inntrykk av kristne, men sa at han aldri i sitt liv har høyrte om ein fulani som er kristen. Eg delte dette med ein av dei kristne fulaniane i kyrkjelyden vår, som så vart med meg på nytt besøk. Me prata mykje saman. Då forstod eg at min nye ven verkeleg ønskja å forstå meir om kristen tru, så eg delte evangeliet med han.

Kva sa du til han?

Eg fortalte at me som kristne kan vera trygge på at me vert frelste, sidan frelsa vår avheng av Jesus Kristus, og ikkje våre egne gjerningar. Etter samtalen spurte

min ven om forbøn. Ei tid etter fekk eg ein sms frå han der han spurte om å få bli med meg på gudsteneste. Då forstod eg at han verkeleg var interessert i kristen tru, og me byrja med systematisk bibelundervisning to gonger i veka. Mannen kom til tru, og rundt påsketid i år deltok han på den årlege samlinga for kristne fulaniar.

Korleis kom så kona til venen din til tru?

Kona visste ikkje om bibelundervisninga vår, for han hadde ikkje sagt noko om det. Men ho merka at mannen hennar endra personlegdom. Ho kjente mannen sin som ein ganske hissig mann, som kunne kjefta ein del, vera utolmodig og også hard. No hadde han endra seg så mykje at ho byrja å lura på kva som skjedde. Då ho spurte han om det, opna han bibelen på fulani på smarttelefonen sin, og las Johannes 14,1-6 for henne. Kona hans spurte om han hadde vorte ein kristen. Mannen svarta at det hadde han. Kona sa då at dersom det er dette som har endra livet ditt, så vil eg også vera kristen, eg vil stå saman med deg, om det skulle føra oss til liv eller til død. Etter dette ringte dei til meg, og nokre dagar seinare kom dei begge på besøk. No har me bibelundervisning for begge to.

Takk for at de er med å be for dette ekteparet i 30-åra, saman med misjonæren og den lokale kristne fulanien som evangeliserte for dei. Dei bur i eit område av Mali der det kan vera farleg å koma til tru på Jesus. Parallelt med at situasjonen i landet vert vanskelegare, opplever misjonen at mange menneske er meir opne for evangeliet.

SLØYDKURS

Frå 5 klasse på
Løloftet.

Fem torsdagar
Start: Torsdag 18 okt. 2018
KL. 17. - 19

Påmelding til
Mathias Sætre
Tlf 91379306

Årås Sanitetsforening
og Vesttun Gard



Landbruksdagen i Austrheim 2018

Vert arrangert for 11. år på rad,
Laurdag 06.10.2018 kl 10.00 – 15.30
i og ved Austrheimhallen.

Kåringssjå for verlam frå Austrheim og Radøy.
Små og store dyr, maskiner og utstyr,
ulike utstillingar ute og inne,
husflid, gardsmat, egg, frukt og grønt m.m.

Magnhild Dyrdal viser korleis ein lagar lammerull.
Kulturelt innslag.

Sauklypping, utstilling med tema "mjølkestell",
kipebinding, hesteriding og mange aktivitetar for store og små.
Tippekonsurransar og loddsal, med fine gevinstar og premiar.

Ver god og parker på tilvist plass.

Gratis buss frå parkeringen v/senteret bort til hallen.

Betaling med kontantar eller Vipps ved kjøp av suppe.

VEL MØTT !

Austrheim Landbrukskvinnelag,
Austrheim Sau og Geit, Radøy Sau og Geit.



Kristin Minde

Som del av Kulturdagane i Austrheim inviterer me
til konsert med Kristin Minde i kyrkja.

Ho har sine røtter i Austrheim, og me er stolt
over å få vise fram denne flotte artisten som
syng songar frå sitt nye album «Hjerteslag»

Austrheimkyrkja

Laurdag 27.oktober kl. 19.00

Billettar ved inngang. Kr 200. Gratis for ledsager
Forhåndskjøp i Vipps #88352 eller på kyrkjekontoret



Registrering av gravminna nærast kyrkja.

Gravferdsforvaltninga i Austrheim er no i ferd med å registrera alle gjenverande gravminner på kyrkjeflaten, nærast kyrkja. Dette er dei einaste gravminnene vi til no ikkje har fått lagt inn i eit gravkart og registrert elektronisk. Dette er også dei eldste gravminnene vi har. For nokre av gravminna har vi opplysningar om festar eller personar vi kan kontakta. For dei resterande gravminna manglar vi slike opplysningar. Vi kjem til å markera desse gravminna med gule klistrelappar no dei næraste vekene. Har du opplysningar på bakgrunn av at det vert sett opp gule lappar er vi takksame for at du kontaktar oss på tlf 56 16 72 90. Ifølgje gravferdsvedtektene skal gravminner som er eldre enn 75 år normalt sett slettast. Det

kjem vi også til å gjera med flesteparten av gravminna på kyrkjeflaten også. Men vi må først få dei dokumenterte og registrerte for ettertida. Nokre få av desse gravminnene kjem til å bli ståande igjen der dei står, fordi dei har særskilt historisk verdi. Vidare vil vi ta vare på nokre av dei gravminna vi tek vekk, fordi dei har kvalitetar ved seg som gjer dei bevaringsverdige. Utvelginga av kva for gravminner dette skal vera ønskjer vi å gjera i samarbeid med historielaget. Vi har vidare planar om å stilla ut desse gravminna i eit område på innsida av muren på den nyaste delen av gravplassen.

*Leif Arne Økland
kyrkjeverje*



TV AKSJONEN 2018

21. OKTOBER 2018



Kirkens Bymisjon

TV-AKSJONEN NRK

Sundag 21.oktober er det tid for TV-aksjonen 2018.
Inntekta går til Kirkens Bymisjon sitt arbeid.

Tema: MINDRE ALENE SAMMEN

Bøssebærarane startar i Austrheim kl. 15.00
Vil du bli bøssebærar; meld deg på via blimed.no eller til
Rigmor, mob. 456 35 324 eller Helge, tlf. 416 62 610

Hugs at du må ha **kontantar** klare.

Mvh
Aksjonskomiteen i Austrheim

Kulturdagane Austrheim 2018

18. oktober – 28. oktober

Tema for Kulturdagane er glede, og vi gler oss til denne festivalen i haust.

Det vert eit variert program som opnar 18. oktober kl 12.00 med utstilling i GalleriTrappa med Jannicke Svoldal.

Om kvelden er det «Damenes aften» på Mastrevik Torg.

Vi avsluttar med Festkonsert 28. oktober kl 16 i Austrheimhallen.

Dette vert ein familiekonsert for alle med song og musikkglede, og kommunen si markering av «Musikkorpsets år».

Kvelden vert leia av Anne Hvidsten. Det vert utdeling av Kulturprisen.



Ferdig program vert levert til alle husstandar, og vi legg inn i kulturkalenderen på kommunen si heimeside. Følg også med på kommunen sin facebook, og på plakater.

Det vert kultur for alle, så du kan gle deg!



Arr: lag og organisasjonar i samarbeid med Austrheim kommune



Min salme



Når eg fekk spørsmål frå KB redaksjonen om å skriva om Min Salme, synes eg det var vanskeleg å velja ut berre ein song, for eg har så mange favorittar i den kristne songskatten. Men når eg må velja meg ein song, så har eg valgt **Min Jesus lever**, Tekst og melodi av W. Gaither, og med norsk tekst av Arnold Børud.

Når eg høyrer denne songen vert eg alltid fyllt med glede. For med sin enkle tekst, lette og fine melodi, formidler den evangeliet sitt gode og glade budskap. Den tryggleiken det gjev å få legga livet sitt i Jesus sine hender. Det å få leva livet i trua på Jesus gir håp. Det gir håp og framtid for livet her på jorda. Men også for evigheten. For Jesus har sagt at han har beredt ein plass i himmelen for alle som trur på Han.

Min Jesus lever

Gud gav sin sønn, hans navn er Jesus.
I kjærlighet kom han til vår jord
Han gav sitt liv for å gi meg frelse.
Hans tomme grav beviser at han lever i dag.

Refr :
Min Jesus lever, derfor vil jeg leve.
Min Jesus lever, derfor er jeg trygg.
Min framtid er i Jesu hender,
mitt liv er verd å leve,
for han elsker meg.

Og så en dag når jeg er framme,
Skal jeg få se min Frelser kjær.
Tenk, hvilken dag, å få møte Jesus,

Og si ham takk for alt hva han har gjort for meg.

Med venleg helsing
Ingrid Njørheim





Mastrevik torg

Vi er sannsynligvis en av universets største uavhengige bilverkstedkjeder...



Rune Austrheim
Fosnøy Bilsenter AS
Telefon: 56 16 75 50



...Så vidt vi vet. All kunnskap og erfaring er samlet i vårt verksted. www.fosbilsenter.no

For everything your car needs.

DIN RØRLEGGER I DISTRIKTET !

Kontor tlf. 56 17 07 10 – fax. 56 17 07 11

Vi påtar oss store og små oppdrag!
Når kvalitet og service teller



MINI FRISØRSALONG

Ønsker velkommen
til gamle og nye kunder.
Vi treffes på Årshøgda 19.



Timebestilling: mandag - fredag
Telefon 56 16 92 00/ 95 21 46 16

Alla Kurinna og Rieko

Tannlege
Otto Førde
i Mongstadkrysset



Jeg tar imot nye pasienter
og yter akutt hjelp.

Telefon vakt 56 16 98 35



Panasonic Varmepumper

5937 BØVÅGEN
Mob. 481 31 534
byggboe@online.no

Vatne Begravelsesbyrå



Vi kan hjelpe til
med rådgivning og
tilrettelegging ved
begravelser og
bisettelser.

Ring døgnvakt:
56 35 09 10
www.vatne-byra.no
Kvassnesvegen 11
5914 Isdalsbø

Gravminner

Norsk design og produksjon.
Se utvalg på: www.oienstein.no
Ta kontakt for tilbud. Service.



Gunnar Nilsen, 5943 Austrheim
Tlf. 56 16 98 84 el. 41 43 98 87

BIBLIOTEKET - OPNINGSTID

HOVUDBIBLIOTEKET:

Måndag og onsdag kl. 14.00 -19.00
Tysdag og fredag kl. 10.00 -15.00
Tlf.nr. 56 16 20 07

E-post: bibliotek@austrheim.kommune.no

FONNES FILIAL:

Torsdag:
Skulebibliotek frå 11:30 **GOD BOK**
Biblioteket er ope til klokka 16:30
Tlf.nr. 56 16 21 61

E-post: fannes.bibliotek@austrheim.kommune.no

BASSENGET PÅ KALAND:

OPNINGSTIDER:

Måndag kl. 17-18 Familie/born
kl. 18-19 (foreldre med små
born vert prioritert
kl.19-20 Pensjonistar
k. 20-21 Vaksne

Fredag kl. 17-21 for alle

Bassenge fyl skuleruta
og er stengt i skuleferiar.

Billettprisar: Vaksne kr. 40,-
Born under 16 år kr 20,-



ANNONSE I KYRKJEBAKKEN?

1/1 side + bakside	kr.1.000,-
3/4 – 2/3 side	kr. 750,-
1/2 side	kr. 500,-
1/3 side	kr. 350,-
1/4 side	kr. 250,-
Små annonser	kr. 150,-
Korte takkeannonser er gratis.	

LEGEVAKT/ AMBULANSE

Akutthjelp lege **113** heile døgeret.
Legevakt 116117

Austrheim legekantor

Tlf. 56 16 82 00
Opningstider for publikum:
Kl.08.30 - 15.00.
Telefontid: **08.30 - 12.00** og
13.00 - 15.00.

INGEN RESEPTBESTILLING MÅNDAGAR!

Årås helsestasjon

Åpningstider for publikum:
kl **08.30- 15.00**
Helsesøster tlf. 56 16 82 11
Jordmor:
tlf. 56 16 82 12 (kun onsdag)
Psykisk helse: tlf. 56 16 82 13

NYE TELEFON NR. I PLEIE OG OMSORG :

Nordliheimen : 56 16 20 40

Nordliheimen/kjøkken:
56 16 20 49

Vestlia: 56 16 20 55

Heimesjukepleien: 56 16 21 23
(ring Nordliheimen etter kl. 15.30)

Oppussing av gravmonumenter

Utfører vasking,
rensing
og oppatmaling.

Gunnar Nilsen
414 39 887

joker
– helt i nærheten

Info om utkjøring av daligvarer fra Joker Austrheim

Joker Austrheim ønsker å komme med et tilbud med å
plukke og kjøre ut daligvarer fra butikken.

Til info handlelisten må leveres til butikken eller
sendes på mail til joker.austrheim@joker.no innen
Tirsdag.

Utkjøring skjer Torsdag.
Vi trenger navn, adresse og tlf så kan vi ordne konto
på butikken. Regningen kommer da hver 14 dag.
Utkjøring koster kr 100.

Er det noen spørsmål ta kontakt med butikksjef Eline
på 56169240 eller kom innom butikken.



Vi leverer mat til alle anledninger,
der du vil eller vi ordner lokaler

- Bryllup • Dåp • Åremål • Minnestund • Møte

Vi tilbyr også

- Snitter • Tapas • Gryteretter • Koldtbord

Ta kontakt for et uforpliktende tilbud!

Knüter
CATERING

Knut Owe Larsen | 90 12 16 24 | www.knutercatering.no

-I natt redda du livet mitt!

-Direkte tilbakemeldinger fra innringerne er kanskje den sterkeste motivasjonen, som for eksempel: **I natt har du redda livet mitt. Men også når innringer sier at nå kjennes det lettere. Det er et paradoks at det ofte skal så lite til for å lette et medmenneske sin smerte, bare være til stede som en lytter og samtalepartner.**

Odd, 66 år og frivillig i Kirkens SOS.

Et oppriktig ønske om å hjelpe

Felles for de frivillige i Kirkens SOS er at de har et oppriktig ønske om å være til hjelp. De blir inspirert av å bruke fritiden sin til å være et fortrolig medmenneske. Mange opplever at det er både nyttig og fascinerende å erfare hvordan det å være en god samtalepartner kan bidra til å gi håp. I ytterste konsekvens kan en samtale redde liv. Kirkens SOS er en anonym tjeneste, de frivillige vet ikke hvem de prater med og vet ingen ting om innringer eller innskrivers bakgrunn, kun det som blir fortalt der og da.

De frivillige i Kirkens SOS er like ulike som dem som tar kontakt!

Odd, tidligere rektor og lastebilsjåfør, Jan-Egil, performance kunstner og Per Arne, media og It-mann. Alle er frivillige i Kirkens SOS. De frivillige i Kirkens SOS er fra mange ulike steder i landet og har svært ulike bakgrunn og interesser. Noen har så vidt passert 20 år og andre nærmer seg 80. Noen er studenter og ønsker å lære mer om å møte mennesker i krise, noen er i full jobb og gir likevel av sin knappe fritid til folk som sliter og andre er ressurssterke pensjonister som ønsker å dele av sin livserfaring med andre.

Den største døgnåpne krisetjenesten i landet

- Jeg trenger noe i livet mitt som er viktig og større enn meg selv. Kommer jeg fra vakt og har hatt en god samtale, så gir det mening til mitt liv.

Per Arne, 52 år og frivillig i Kirkens SOS.

Hvert år besvarer Kirkens SOS nesten 200 000 henvendelser på telefon og internett, men en av tre får ikke svar. Flere frivillige trengs for å kunne fortsette det gode arbeidet og hjelpe enda flere. Kirkens SOS ønsker frivillige av begge kjønn velkomne, og håper stadig på at flere menn kunne tenke seg å bidra. Det er langt flere kvinner enn menn blant de frivillige per dags dato.

Kirkens SOS er landets største døgnåpne krisetjeneste på telefon og internett. Det er nærmere 1000 engasjerte frivillige rundt om i landet som til sammen besvarer alle henvendelser på dagtid, om natten, på hverdager og fridager. Kirkens SOS sin visjon er å gi håp til mennesker i krise og utøve Jesu nestekjærlighet i praksis. Det handler om å være et medmenneske som lytter med respekt og er en god samtalepartner når livet utfordrer. Selvmordstanker er tema i omkring 10 prosent

av samtale på telefon og hele 50 prosent av samtale på soschat.no.

Det handler aller mest om likeverd og respekt

- Jeg hadde en sterk barnetro som varte til midten av tenårene. Siden har jeg vært søkende og kalte meg buddhist i flere år, men nå anser jeg meg mer som åpen til de store spørsmålene og tror det finnes et større bilde vi bare kan ane eller ha følelsen av. Jeg liker mangfoldet. Jan-Egil, 37 år og frivillig i Kirkens SOS. Kirkens SOS stiller ingen spesielle krav til bakgrunn, det er viktig med stort mangfold – like stort som blant dem som tar kontakt. Noen har en sterk kristen tro og andre stiller seg mer undrende. Vi har også frivillige med andre livssyn enn det kristne. Det aller viktigste er at våre frivillige deler våre felles verdier om frivillighet, åpenhet, tilgjengelighet og anonymitet. De frivillige må også ha avstand til egne kriser og overskudd til å være en god samtalepartner for andre. Og sist, men ikke minst, er det viktig at alle i Kirkens SOS har respekt for alle typer mennesker uansett sosial eller kulturell bakgrunn, religiøs overbevisning, kjønn eller seksuell legning.

Noe for deg?

Er du nysgjerrig eller ønsker å vite mer om hvordan det er å være frivillig i Kirkens SOS? Ta gjerne kontakt med ditt lokale SOS-senter. Vi er til stede i Troms, Trøndelag, Møre og Romsdal, Rogaland, Agder, Vestfold, Østfold, Telemark, Hedmark og Oppland, Hordaland og Oslo. Ta en titt på våre nettsider <https://www.kirkens-sos.no/om-kirkens-sos/> lokale-sentre og ta gjerne kontakt. Bli kjent med noen av de frivillige i Kirkens SOS. Vi har spurt dem noen oppriktige spørsmål og har fått ærlige svar tilbake.

Jan-Egil 37

Kan du fortelle litt om deg selv?

Jeg er performance-kunstner og lærer. Nå er jeg 60 % lærer og føler meg rik etter å ha jobbet bare 20 % mens jeg studerte kunst! I tillegg jobber jeg frivillig som kurslærer i meditasjon.

Hva er det som gjør at du fortsetter å være frivillig i Kirkens SOS?

Å jobbe frivillig definerer meg som person annerledes når jeg ikke tjener penger på det, jeg gjør det fordi jeg vil, ikke fordi jeg må. Nå har jeg halv vaktturnus, det har jeg tid til, klarer ikke gi slipp, det er viktig for meg.

Hva har du lært som frivillig i Kirkens SOS?

-Det å lytte på flere nivåer samtidig. Det er ikke alltid ordene som blir sagt, som er det eneste budskapet. Følelser uttrykker seg gjennom stemmen og der er det mulig å fange opp mer enn det som blir sagt direkte. Dette føler jeg at jeg er blitt flinkere til.



Jan-Egil er performancekunstner.

Foto Petter Lønningen

fortsettelse neste side 17

Per Arne 52

Kan du fortelle litt om deg selv?

- Jeg har ingen formell utdanning utover ungdomsskole. Jeg har jobbet i klassiske røverbransjer i media- og databransjen – steder som ikke var så opptatt av formalkompetanse, de så etter folk som brant for det de holdt på med. Det har jeg alltid gjort.

Hva er det som gjør at du fortsetter å være frivillig i Kirkens SOS?

-Jeg trenger noe i livet mitt som er viktig og større enn meg selv. Kommer jeg fra vakt og har hatt en god samtale, så gir det mening til mitt liv.

Hva har du lært som frivillig i Kirkens SOS?

-Å forholde seg til hverandre som likeverdige mennesker. I det proffe hjelpeapparatet må en kanskje ha skjoldet opp for å klare det, men på SOS er det mulig å ta den garden ned og møtes som jevnbyrdige med de følelser vi har på begge sider.



Per Arne ivrig Brann supporter og elsker hunder. Han og samboeren har flere gigantiske irske ulvehunder. Foto: Anne Birgitte Larsen

Odd 66

Kan du fortelle litt om deg selv?

-Jeg har jobbet 34 år i skolen, de 20 siste som rektor. Og så har jeg kjørt lastebil og vogntog på si. Det startet i militæret og jeg var innom ulike jobber, blant annet trailersjåfør, i noen år før jeg begynte på utdanning.

Hva er det som gjør at du fortsetter å være frivillig i Kirkens SOS?

Kan jeg bruke bitte litt av tida mi til at et menneske ikke tar livet sitt, så er det sannelig verdt det. Samtalene gir mye innsyn i hvordan livet kan være. Enda om det kan være tungt, så er det likevel meningsfullt å være der.

Hva har du lært som frivillig i Kirkens SOS?

-Jeg er blitt veldig minnet på hvor viktig det er å lytte mer enn jeg snakker. Lytte aktivt, prøve å finne gode spørsmål og evt. gode innspill. Har også lært noe om kvaliteten i det å være frivillig, det er en verdi i seg selv, vi får stor tillit fra mange innringere, det tror jeg har litt med frivilligheten å gjøre. De vet at vi gjør dette ulønna og at vi er der fordi vi ønsker å snakke med dem. Har ikke vært så bevisst på dette før.



Foto: Margareta N. Øygarden

KONFIRMANT*

Hauten er kome, og no starta reit nytt konfirmantkull opp med undervisning. Dei skal gjennom dette skuleåret verte betre kjent med kvarandre, med bibelen, kyrkja og spørsmål knytta til livet. I Austrheim er det 32 flotte ungdommar som skal konfirmerast 26.mai 2019.

Søndag 26.august hadde me konfirmantpresentasjon i kyrkja. Her var alle som skulle bli konfirmant invitert saman med foreldre og føresette. Sjelve gudstenesta hadde eit tema, og det var «Skam». Her snakka Per Børge om korleis det er å vere menneske og føle at ein ikkje strekk til. Det var noko både konfirmantar, foreldre og besteforeldre kunne kjenne seg igjen med. Men heldigvis har Gud ein kjærleik som er uendelig. Han kjenner deg, han kjenner meg, og me skal vere rause med kvarandre.

Etter preika kom alle konfirmantane fram. Då las Mia K. Etokebe, som er kateket og hovedansvarlig for konfirmasjonsundervisninga, opp namna til konfirmantane medan Helge Dyrkolbotn, soknerådsleiar, gav dei ein Kristuskrans og heftet som høyrer til.

Gjennom året skal konfirmantane bli mykje meir kjent med Kristuskransen. Det er eit opplegg som me har brukt i Austrheim i mange år, og det er faktisk Egon Askvik som har laga til heftet og opplegget som me brukar. Sjelve Kristuskransen er den svenske biskopen Martin Lønnebo som har laga.

Ha med konfirmantane i tankar og bøn gjennom dette året. Kom gjerne og sjå når dei på lysmessa 2.desember som er ein flott måte å gå inn i adventstida.





Gudsteneste for alle

7.9. var det den alltid vellukka “Gudsteneste for alle” i kyrkja. Nytt denne gongen var at det var dåp. Gabriel og Viktor vart døypte. Det er svært høgtidsamt når Per Børge ber dåpsbarnet i armane, går opp og ned kyrkjegolvet, og kyrkjelyden er med og syng Velsigninga . Anny Bertelsen hadde laga fine futteral til dåpslysa med teksten: “Lat småborna komma til meg. Hindra

dei ikkje for Guds rike høyrer slike til”. Jostein, med si vakre røyst, urframførte ein flott song, *SAVED*, som han sjølv hadde laga tekst og melodi til. Heilt til slutt er det alltid kaffi, saft og mat under galleriet. For Per Børge er det viktig å komma først ned til matbordet, men vart denne gongen slått av Anette.

Innsender Britt Rebnord.

ÅRÅS BEDEHUS

- Fredag 28. sept 19:00.** Sabbatsmåltid. Jan Rantrud gjev oss nokre glimt frå jødiske tradisjonar.
- Søndag 30. sept 11:00.** Formiddagsmøte. Christian Skoge talar.
- Tirsdag 2. okt. 19:00.** Bibeltime med Helge Keilegavlen
- Søndag 14. okt 11:00.** Formiddagsmøte. Cecilie Skår talar. Nattverd.
- Tirsdag 16. okt 19:00.** Bønnekveld
- Søndag 28. okt 11:00.** Formiddagsmøte. Karen Sofie Aasmyr talar.
- Tirsdag 30. okt. 19:00.** Bibeltime med Helge Keilegavlen
- Lørdag 17. nov. 13:00.** Bedehusdagen
- Søndag 25. nov 11:00.** Formiddagsmøte. Leiv Nesheim talar. Nattverd.
- Tirsdag 27. nov. 19:00.** Bønnekveld

Velkommen til samlingane! www.austrheimindremisjon.no
Austrheim Indremisjon på Facebook



LERVÅG BEDEHUS

Menigheten Betania Lervåg

Søndag 30. september kl 11:00 **Møte:** Linda Nærøy

Søndag 14. oktober kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg Søndagsskole

Søndag 28. oktober kl 11:00 **Møte:** Geir Talberg Nattverd

Høstens BASAR

Fredag 5. oktober kl 18:00



Åresalg

Trekning av loddbøker

Andakt

Beverting

Ungdomskvelder

Fredag 28.sept. kl 19:30

Fredag 12.okt. kl 19:30

Fredag 26.okt. kl 19:30

fra 7.klasse

Bønnesamlinger

Onsdag 10.10. kl 19:00

Onsdag 17.10. kl 19:00

Onsdag 24.10. kl 19:00



KILSTRAUMEN BRYGGE

Vi kan tilby overnatting i rorbuer, hytter, leiligheter og rom på vertshuset. Restaurantane våre, Salongen og Naustet er godt eigna for søndagsmiddag, familiesamankomster, konfirmasjon, bryllaup og andre store begivenheter som skal feirast.

Utleige av båtar og sykklar
Vi tilbyr også catering og overtidsmat.

Kilstraumen Brygge
post@opplevaustrheim.no
Mob. 948 53 975

For bestilling: mob. 94853975 Sjekk og heimesida www.kilstraumen.com
og følg oss gjerne på Facebook.